



Byggjeprojektet på Eikelandet har fått nye eigarar. (Illustrasjon: Sivilarkitekt Ove Grung, Bergen)

Fjelberg Eiendom AS har overteke Uskedalen Egedomsutvikling sitt prosjekt på Eikelandet og også kjøpt seg fri frå ei naboklage for 100.000 kroner, skriv Kvinnheringen.

Det var Oddborg Myklebust som klaga fordi dei planlagte bustadene ville redusere utsikta og dermed verdien på eigedomen hennar, som ligg på den andre sida av riksvegen. Ho stilte og spørsmål om den estetiske utforminga fordi ho meinte dei var eit brot på god, vestlandsk byggjeskikk. Forvaltningskomiteen avviste klaga frå Myklebust, men ho klaga vedtaket inn for fylkesmannen.

- Då vi overtok prosjektet såg vi at det låg nokre skjær i sjøen som vi måtte rydda opp i. Difor heldt vi eit møte med klagaren og det vart semje med henne. Mot at ho trekte klaga hos fylkesmannen får ho ein kompensasjon på 100.000 for dei ulempene ho vert påført i samband med dei nye bustadene, opplyser Atle Presthaug i Fjelberg Eiendom AS.

Dei nye eigarane vurderer i desse dagar kva som vidare skal skje med prosjektet, Det er ikkje gjort endeleg vedtak om framdriftsplanen, men truleg går dei vidare med dei planar som alt er fastsette, opplyser Presthaug.